



## Fylkesmannen i Vestland

MJELKEVIKA GÅRD ROSSLAND  
Skurtveitvegen 8  
5917 ROSSLAND

Vår dato:  
23.04.2020

Vår ref:  
2020/5948

Dykkar dato: Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Helen Haaland, 5764 3080

## Svar på søknad om dispensasjon fra søknadsfristen - produksjonstilskot 2020, del 1

Vi viser til søknad om dispensasjon fra søknadsfrist for produksjonstilskot, innsendt 31.03.2020. Søknaden vart oversendt frå Alver kommune 01.04.2020

### Vedtak

Fylkesmannen gjev med heimel i forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 9, føretaket Mjelkevika gard Rossland, dispensasjon frå søknadsfristen 15. mars 2020.

### Bakgrunn

Du sende inn søknad om produksjonstilskot 25. mars, det er 10 dagar etter fristen. Dette var første gang du søkte og du var ikkje kjend med systemet. Du er offiser i forsvaret, og du skulle etter planen reise for å delta i militærøving 8. mars og du hadde planlagt å sende søknad 7. mars. Øvinga vart framskunda og du måtte reise 5. mars. Øvinga varte til 18. mars, men du vart halden igjen på jobb nokre dagar pga koronasituasjonen. Du var ikkje heime før 24. mars, under øvinga hadde du begrensa tilgang til telefon og internett.

### Regelverk

I følgje forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket (forskrifta) og Veileder til søknad om produksjonstilskudd, er det søker sitt ansvar at søknaden vert levert i rett tid. Søknadsfristane er 15. mars og 15. oktober. Nokre opplysningar kan etterregistrerast fram til 10. januar året etter. Fylkesmannen kan i særlege høve dispensere frå søknadsfristen jf. forskrifta §9. Dei same retningslinene gjeld fristen for etterregistrering 10. januar.

Nye reglar ved innsending av søknad etter fristen vart innført frå 2020, jf rundskriv 8 -2020; «Fra og med søknadsomgangen 2020 kan søknad om produksjons- og avløsertilskudd leveres inntil 14 dager etter søknadsfristen, dvs. til og med 29. mars eller 29. oktober, mot et trekk på 1 000 kroner per dag forsinkelsen varer. Etter denne 14-dagers perioden vil det ikke være mulig å levere søknad uten dispensasjon fra søknadsfristen.»

### Vurdering

E-postadresse:  
[fmlpost@fylkesmannen.no](mailto:fmlpost@fylkesmannen.no)  
Sikker melding:  
[www.fylkesmannen.no/melding](http://www.fylkesmannen.no/melding)

Postadresse:  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Besøksadresse:  
Njøsavegen 2, Leikanger  
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen  
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00  
[www.fylkesmannen.no/vl](http://www.fylkesmannen.no/vl)  
Org.nr. 974 760 665



Føretak som søker om produksjonstilskot er å rekne som sjølvstendig næringsdrivande. Som sjølvstendig næringsdrivande må det stillast strenge krav til aktsemd og at søker overheld fristane i samband med søknad om produksjonstilskot. Det er søker sitt ansvar at søknaden vert levert i rett tid, det gjeld også nye søkerar.

Landbruksdirektoratet har i rundskriv 2020 – 7 i punkt 9.2, gjort greie for korleis dispensasjonsreglane skal praktiserast. Ein dispensasjon kan gjevast i «særlege tilfeller». Det tyder at det berre kan innvilgast dispensasjon når det føreligg ei spesiell, forbigåande årsak utanfor føretaket sin kontroll som fører til at føretaket ikkje oppfyller vilkåra i forskrifta. Dette tyder at det ikkje kan gjevast dispensasjon frå søknadsfristen, når søker sjølv kunne ha avverga at søknaden vert levert for seint. Det skal gjerast ei heilsakleg vurdering om det er eit særleg tilfelle. Landbruksdirektoratet informert om at problem med å få levert søknaden innan 15. mars, knytt til den ekstraordinære situasjon med utbrotet av koronaviruset, kan vere særlege tilfelle som gjer at det kan innvilgast dispensasjon frå søknadsfristen.

Du har levert søknaden 10 dagar for seint og ville difor få eit trekk på kr 10 000. Problemet med å få levert søknaden tidlegare er i stor grad knytt til koronasituasjonen og andre hendingar utanfor din kontroll . Vi finn difor at dette er eit særleg tilfelle som gir grunnlag for dispensasjon.

### Klagerett

Etter forvaltningslova kap.VI kan du klage på dette vedtaket innan tre veker etter at du har motteke dette brevet. Klaga skal grunngjevast, stilast til Landbruksdirektoratet og sendast om Fylkesmannen i Vestland.

Med helsing

Bjørn Harald Haugsvær  
ass. landbruksdirektør

Helen Haaland  
fylkesagronom

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
Alver kommune Havnevegen 41 A 5918 FREKHAUG